

Fransk

For andre tydingar av oppslagsordet, sjå Fransk (fleirtyding).

Fransk (*français*) er eit romansk språk som mellom anna vert tala i Frankrike, i Vallonia i Belgia, i Romandie i Sveits og i provinsen Quebec i Canada. Det finst òg ein franskspråkleg minoritet i Italia. Fransk vert òg framleis nytta i mange av dei tidlegare franske koloniane, særleg i Magreb og Vest- og Sentral-Afrika. I mange av desse landa er ikkje fransk offisielt språk, men vert likevel nytta i statsforvaltninga og høgare utdanning. Fransk er eit av dei offisielle språka til Dei sameinte nasjonane og Den europeiske unionen, og sjølv om engelsk i stort mon har teke over som diplomatspråk, er fransk framleis eit viktig lingua franca i store delar av verda.

Fransk skil seg frå andre romanske språk gjennom eit vokalsystem som omfattar fleire nasaliserte vokalar (ɛ̃, œ̃, ɔ̃ og ɔ̃), ein labialisert y (som i *rue*), skarre-r og schwa (ə).^[1]

Språket skil ikkje mellom betona og ubetona stavingar, slik at alle stavingar har nokså jamnt trykk. Stavingar med såkalla «ustabil e» eller schwa kan ha mindre betoning medan stavingar sist i ei rytmegrupper har sterkare. Når mange ord blir uttalte etter kvarandre (altså i vanleg tale) er stavings- og rytmegruppene viktige, slik at ord kan gli over i kvarandre og ein stum konsonant kan bli uttalt ved byrjinga av neste ord om det byrjar med vokal (*liaison*).^[1]

Utbreiing

Fransk er offisielt språk i desse landa og territoria:

Fransk (français)

Klassifisering: Indoeuropeisk
italiske språk
romanske språk
galloromanske språk

Talarar: franskmenn

Bruk

Tala i: Frankrike, Belgia, Sveits, Canada samt 48 andre land

Område: Vest-Europa, Nord-Afrika og Nord-Amerika

Fransktalande 173 000 000

i alt:

Rangering: 13

Skriftsystem: Latinsk

Offisiell status

Offisielt språk Frankrike, Belgia, Sveits, Canada, Elfenbeinskysten og 30 andre land

Normert av: Académie française


Språkkodar

ISO 639-1: fr

ISO 639-2: fre (B)/fra (T)

ISO 639-3: fra

Wikipedia på fransk



Utbreiingskart for fransk.

- Morsmål
- Administrasjonsspråk
- Utreidd språk / viktig kulturspråk
- Vesentleg minoritetsspråk.

land	infødde talarar (omtrentleg tal)	folketal (juli 2003)
<u>Frankrike</u>	51 949 900	60 180 600
<u>Kongo-Kinshasa</u>	702 400	55 225 478
<u>Libanon</u>	1 500 000	3 826 018
<u>Canada</u>	7 535 600	32 207 000
<u>Elfenbeinskysten</u>	1 614 500	16 962 500
<u>Kamerun</u>	643 900	15 746 200
<u>Burkina Faso</u>	140 300	13 228 500
<u>Mali</u>	140 800	11 626 300
<u>Senegal</u>	88 100	10 580 400
<u>Belgia</u>	3 807 000	10 290 000
<u>Rwanda</u>	153 600	7 810 100
<u>Haiti</u>	141 200	7 527 800
<u>Sveits</u>	1 515 700	7 318 638
<u>Burundi</u>	63 900	6 096 156
<u>Togo</u>	141 500	5 429 300
<u>Den sentralafrikanske republikken</u>	36 700	3 683 600
<u>Kongo-Brazzaville</u>	267 300	2 954 300
<u>Gabon</u>	109 200	1 321 500
<u>Komorane</u>	15 300	632 948
<u>Djibouti</u>	11 400	457 130
<u>Luxembourg</u>	21 600	454 157
<u>Guadeloupe</u>	110 400	442 200
<u>Martinique</u>	144 600	390 200
<u>Vanuatu</u>	2 900	200 000
<u>Benin</u>	191 200	7 862 944
<u>Guinea</u>	178 700	9 690 222
<u>Réunion</u>	170 600	787 584
<u>Fransk Polynesia</u>	142 900	274 578

<u>Ny-Kaledonia</u>	127 800	219 246
<u>Niger</u>	85 400	12 525 094
<u>Tsjad</u>	85 400	9 944 201
<u>Fransk Guyana</u>	39 900	199 509
<u>Mauretania</u>	21 000	3 177 388
<u>Monaco</u>	15 400	32 543
<u>Mayotte</u>	14 900	201 234
<u>Saint-Pierre og Miquelon</u>	6 700	7 026
<u>Saint Martin</u>	3 500	35 000
<u>Saint-Barthélemy</u>	3 200	7 000
<u>Wallis- og Futunøyane</u>	1 300	16 025
<u>Ekvatorialguinea</u>	200	540 109
<u>Seychellane</u>	1 500	80 469
<u>Madagaskar</u>	-	16 979 900

I visse land har språket ingen offisiell status, men er andrespråk for store delar av innbyggjarane:

land	folketal (juli 2003)
<u>Algerie</u>	32 810 500
<u>Marokko</u>	31 689 600
<u>Mauritius</u>	1 210 500
<u>Tunisia</u>	9 924 800

Det finst også fransktalande grupper i Guinea-Bissau, Kambodsja, Egypt, India (Puducherry), Italia (Aostadalen), Laos, Storbritannia (Kanaløyane), Israel (jødar med franske og nordafrikanske røter), USA (særleg Louisiana og New England) og Vietnam.


Kjelder

1. fransk (<http://snl.no/fransk>) i Store norske leksikon. Henta 11. februar 2013.

- *Denne artikkelen bygger på «Franska» frå Wikipedia på svensk, den 11. februar 2013.*

v · d · e (https://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Romanske_språk&action=edit)

Større moderne språk med litterær tradisjon aragonesisk · asturiansk · frankoprovensalsk · fransk · galisisk · italiensk · katalansk · leonesisk · oksitansk · portugisisk · retoromansk · rumensk · sardisk · spansk

 Denne språkartikkelen som har med Frankrike å gjere er ei **spire**. Du kan hjelpe Nynorsk Wikipedia gjennom å *utvide han* (<https://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Fransk&action=edit>).

Autoritetsdata WorldCat (<https://www.worldcat.org/identities/lccn-sh85-051829>) · GND (<http://d-nb.info/gnd/4113615-9>) · LCCN (<http://id.loc.gov/authorities/subjects/sh85051829>) · HDS (<http://www.hls-dhs-dss.ch/textes/f/F011195.php>) · NDL (<http://id.ndl.go.jp/auth/ndlna/00563732>)

Henta frå «<https://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Fransk&oldid=3150855>»

Denne sida vart sist endra den 23. juni 2019 kl. 13:23.

All tekst er tilgjengeleg under Creative Commons-lisensen Namngjeving/Del på same vilkåra. Sjå Vilkår for detaljar.

